



Fakultet og faglege einingar

Referanse  
2008/5737-KNAS

Dato  
21.09.2012

## Faglig-pedagogisk dag 2013

Nok ein gong blir fagmiljøa ved UiB invitert til å kome med forslag til tema dei ønskjer å forelese i/halde kurs om på neste års Fagleg-pedagogisk dag, som blir arrangert *fredag 1. februar 2013*.

Føremålet med dagen er som kjent m.a. å gje lærarar høve til å bli oppdatert på utviklinga innanfor sine fag og det som skjer på forskingsfronten. Denne opne fagdagen for lærarar frå ungdoms- og vidaregåande skular frå heile Vestlandet har blitt ein svært viktig tradisjon.

Gjennom Fagleg-pedagogisk dag ønskjer Universitetet i Bergen å vise fram kva vi står for av fagleg kompetanse og kunnskap. Den store tematiske variasjonen i programmet speglar den faglege bredda av forskning og utdanning som føregår hos oss.

Dei siste åra har fleire fagmiljø sett saman forelesingsrekkjer eller "miniseminar" innan eit fagområde. Desse tilboda har vore vellukka, med gode tilbakemeldingar frå både forelesarar og lærarar, og med godt oppmøte. Vi vil difor oppmode fagmiljøa til å fortsetje og utvikle denne praksisen.

Mesteparten av programmet blir likevel dei "vanlege" forelesingane på ein til to undervisningstimar. Særleg i den vidaregåande skulen blir det undervist i eit mangfald av fag ved ulike studieretningar og med mykje tverrfagleg prosjektarbeid. Dette inneber at *emne frå fagområde ved alle fakulteta er aktuelle som forelesingstema*.

Det er viktig å setje av tid til spørsmålsrundar og diskusjonar slik at tilhøyrarane kan få høve til å relatere innhaldet i forelesinga til eigen praksis.

### Undervisningsfri

Forelesingane vil gå føre seg på og omkring Nygårdshøyden, og vil leggje beslag på så vel auditoria og andre undervisningsrom som kantiner, garderobar o.l. Anna undervisning blir

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Universitetsledelsen  
Telefon 55 58 20 01/02  
Telefaks 55 58 96 43

Postadresse  
Postboks 7800  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Bergen

Saksbehandler

innstilt 1. februar. *Ein treng derfor ikkje å være redd for kollisjonar mellom programmet på Fagleg-pedagogisk dag og den ordinære undervisninga.*

Bidraga frå dei ulike institutta og fagmiljøa inngår som ledd i den normale undervisningsverksemda.

### **Skjema**

Vi vil helst ha tilbakemelding om forelesingstilboda på det elektroniske registreringsskjemaet (sjå adressa under). Alle med ansatt-konto ved UiB kan registrere forelesingane til Fagleg-pedagogisk dag 2013 her.

<https://intranett.uib.no/uPortal/Link?id=5176>

Vi ber fagmiljøa om å skrive *ein forklarande undertekst til tittelen*, slik at potensielle deltakarar kan få fleire opplysningar på førehand om kva forelesinga/kurset vil handle om. Tittel og undertekst vil stå i programmet, og vil utgjere "reklamen" for forelesinga. Det er difor viktig å tenkje godt gjennom korleis de ønskjer å presentere tilbodet i programmet.

Det er også særskilt viktig at ein opplyser om alt aktuelt utstyrsbehov.

Vi vil helst at du fyller ut skjemaet **innan 11. oktober**.

For å gje eit bilete av FP-dagen finn de programma frå tidlegare år her: <http://fp-dag.uib.no/>

SEVU har det praktiske ansvaret for planlegginga og gjennomføringa av dagen, i nært samarbeid med oppnemnde representantar frå fakulteta. Det er likevel fagmiljøa sjølve som har ansvar for å kome med faglege bidrag til dagen, og å vurdere korleis Fagleg-pedagogisk dag best kan utviklast til å bli eit endå meir relevant og interessant etterutdanningstilbod til lærerar i skulen.

Dersom de skulle ha behov for meir informasjon, kan de ta kontakt med SEVU v/ førstekonsulent Kari Sørstrømmen på tlf. 55 58 20 40/55 58 33 07.

Vi takker til slutt for godt innsats i samband med FP-dag 2012 og vonar på mange positive tilbakemeldingar både frå tilreisande lærerar og frå fagmiljøa også i 2013.

Venleg helsing

Kuvvet Atakan  
viserektor

Knut Olav Aslaksen  
underdirektør

